

Hordaland fylkeskommune
v/ fylkesrådmann Rune Haugsdal

29.september 2016

SELSKAPSKONTROLL – HORDALAND TEATER AS

Deloitte har i samsvar med utarbeida prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet starta opp selskapskontroll av Hordaland Teater AS i Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Hordaland Teater AS. Vidare vil føremålet med selskapskontrollen vere å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driver i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse og intervju for å få informasjon om fylkeskommunen si oppfølging av selskapet og drifta i selskapet.

Vi ber om at fylkeskommunen peikar ut ein kontaktperson for selskapskontrollen som Deloitte kan samarbeide med for å få tilgang til relevante dokument og organisering av intervju.

Vi ber om å få tilbakemelding på vår førespurnad seinast **innan 6.oktober 2016**.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Birte Bjørkelo på tlf.928 98 908, eller per e-post til bbjorkelo@deloitte.no

Med venleg helsing
Deloitte AS

Birte Bjørkelo
Prosjektleiar